

# Vestlandsrådet

## VR-sak 24/12 Vedlegg

### Nøkkeltal for den maritime næringa på Vestlandet

#### *Bakgrunn*

EU la hausten 2007 fram ein integrert maritim politikk i form av ei "blåbok" og ein handlingsplan. Vestlandsrådet gjorde på møtet 2.-3. desember 2008 vedtak om å oppnemne ei oppfølgingsgruppe / ad-hoc gruppe for EUs maritime politikk. Vestlandsrådet oppnemnde desse som medlemar av gruppa:

- Rogaland: Janne Johnsen med Ola Ingvaldstad som vara
- Hordaland: Tom-Christer Nilsen med Gisle Handeland som vara
- Sogn og Fjordane: Mathias Råheim med Heidi-Katrin Osland som vara
- Møre og Romsdal: Rigmor Andersen Eide med Jon Aasen som vara.

Gruppa utarbeidde ein rapport med vekt på både ein politisk og ein næringsmessig dimensjon. Den politiske dimensjonen handla om å etablere ei distinkt politisk og næringsmessig "stemme" gjennom etablering av ein maritim region på Vestlandet. Den næringsmessige dimensjonen handla om å ta tak i det som Vestlandet er særleg god både på – nasjonalt og internasjonalt – nemleg kunnskapsbasert næring og forskning innan marine og maritime næringar. Arbeidsgruppa peika difor på nokre handlingspunkt i EU sin integrerte maritime politikk som dei meinte var særskild relevante for Vestlandet å engasjere seg i.

I samband med dette arbeidet ønskte ad-hoc gruppa å få ei oversiktleg og kort kartlegging av den maritime næringa på Vestlandet. Dette kunnskapsgrunnlaget skulle vere eit utgangspunkt for å seie noko om kva område vi er gode på, kva for sentrale aktørar som opptre her og relasjonane mellom desse aktørane, samt peike på særlege utfordringar t.d. innan kompetanse.

Intensjonen var å nytte eit slikt kunnskapsgrunnlag til å:

- Påverke EU
- Påverke nasjonale styresmakter
- Påverke regionalt, t.d. konsesjonspraksis (oppdrett)

På grunn av avgrensa midlar valde ad hoc gruppa i første omgang å få på bordet dei viktigaste nøkkeltala for den maritime næringa på Vestlandet for å seie noko om storleiken og omfanget av denne næringa.

# Vestlandsrådet

Med maritime næringer meiner vi:

- Maritim næringsklynge (inkl. den maritime delen av petroleumsnæringa)
- Marine næringsklynge

Etter ein forenkla anbudsprosess engasjerte Vestlandsrådet konsultentselskapet *ideas2evidence* til å berekne nøkkeltal for utvalde næringer på Vestlandet. Føremålet med prosjektet var å utarbeide presise og autorative nøkkeltall basert på anerkjente og grundig dokumenterte data og metodar. Det var også ei målsetting for prosjektet at tala skulle kunne samanliknast med andre geografiske område, og at det skulle utarbeidast god dokumentasjon og rutinar for årlege oppdateringar.

Det er no utarbeidd tre årgangar av nøkkeltal for dei maritime næringane på Vestlandet; 2008, 2009 og 2010. Tala for 2010 blei utarbeidd våren 2012 og er presentert i ein rapport med nøkkeltal og utviklingsrekk, er ein flash-applikasjon med interaktiv visualisering som skal utvidast med ein applikasjon for data i kart, databasefil med detaljerte data for alle selskapa, PowerPoint presentasjon med figurer og grafar frå rapporten og ein kortrapport. Flash-applikasjonen skal leggjast ut på Vestlandsrådet si heimeside og med linkar til fylkeskommunane sine web-sider.

## **Om nøkkeltala**

Datasettet omfattar:

- Tal tilsette
- Omsetnad
- Resultat (årsresultat og driftsresultat)
- Verdiskaping (driftsresultat + lønnskostnader)
- Tal føretak

Alle desse tala er henta frå Foretaks- og bedriftsregisteret. Dette er detaljerte bakgrunnsdata om føretak, inkludert årsrekneskapsdata. Med utgangspunkt i data på føretaksnivå er det berekna aggregerte tal for alle relevante geografiske nivå. I tillegg er det utarbeidd tal for nyetableringar og eksport. Desse tala er henta frå Statistisk sentralbyrå. Det er utarbeidd to sett med nøkkeltal: samanlikningstal og presisjonstal.

*Samanlikningstala* er berekna med utgangspunkt i kva næringskoder (NACE) det einskilde føretaket er registrert på og er fordelt geografisk etter føretaket si juridiske adresse (dvs. hovudkontoret sin lokalisering). Desse tala kan enkelt samanliknast med tal for heile landet og for andre regionar, men fanger ikkje opp heile næringsklynga.

# Vestlandsrådet

For *presisjonstala* er det nytta ei klyngetilnærming, heller enn ei strikt næringstilnærming. Her er det tatt utgangspunkt i næringa si verdikjede og inkludert alle aktørar som i vesentleg grad har ein plass i denne verdikjeda. Det betyr at i tillegg til kjerneverksemdene er det tilført føretak frå andre næringskoder (NACE) som i vesentleg grad er ein del av den maritime næringa si verdikjede (t.d. IT-selskap, finansielle og juridiske tenester, etc). Presisjonstala inkluderer ikkje FoU-miljø eller offentlege institusjonar. Det er vidare utarbeidd estimat for føretak som har hovudkontor *utanfor* regionen, men som likevel har ein betydeleg aktivitet på Vestlandet og likeeins for føretak som har hovudkontor *i* regionen, men også betydeleg aktivitet utanfor Vestlandet. Presisjonstala gir med dette ei meir presis skildring av næringsklyngene på Vestlandet og kan også nyttast til å samanlikne på tvers av fylke og regionar på Vestlandet.

I den maritime klynga er kjerneverksemdene rederi og verft. I tillegg kjem tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar. I den marine klynga er kjerneverksemdene fiske, oppdrett og foredling. I tillegg blir føretak innan sal, tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar som har ein vesentleg plass i verdikjeda, inkludert.

# Vestlandsrådet

## Resultat

Den maritime næringa	Vestlandet	% av Noreg	Vestlandet
<b>Samanlikningstal</b>			<b>Presisjonstal</b>
Tal tilsette	62 948	56,6 %	71 573
Omsetnad	238 536 096	59,8 %	271 949 902
Verdiskaping	61 322 153	60,5 %	67 473 573
Driftsresultat	19 295 049		20 102 623
Årsresultat	15 007 190		15 034 552
Tal føretak	7 179	35,6 %	7 660

Tal for den maritime næringa på Vestlandet, 1000 kroner, 2010

Vestlandet utgjør det maritime tyngdepunktet i Noreg. I 2010 var det om lag 63 000 personar i den maritime næringa på Vestlandet, det ble omsett for over 238 milliardar kroner og ga ei verdiskaping på over 61 milliardar kroner. Dette utgjør om lag 60 % av den totale maritime verksemda i Noreg. I 2010 var det 7 179 føretak i den maritime næringa på Vestlandet. Dette utgjorde 36 % av tal føretak på landsbasis. Det betyr at føretaka i den maritime næringa på Vestlandet i gjennomsnitt er større enn elles i landet og at produktiviteten er høg.

Presisjonstala i høgre kolonne i tabellen over viser at næringa er noko større når vi også inkluderer underleverandørar og korrigerer for føretak som har verksemd både i utanfor regionen.

Den maritime klynga	Vestlandet	% av Noreg	Vestlandet
<b>Samanlikningstal</b>			<b>Presisjonstal</b>
Tal tilsette	51 549	58,3 %	59 120
Omsetnad	158 502 019	59,8 %	181 910 587
Verdiskaping	46 086 870	61,5 %	51 813 889
Driftsresultat	11 127 378		12 088 020
Årsresultat	7 164 071		7 300 692
Tal føretak	3 111	41,6 %	3 474

Tal for den maritime klynga på Vestlandet, 1000 kroner, 2010

Den marine klynga	Vestlandet	% av Noreg	Vestlandet
<b>Samanlikningstal</b>			<b>Presisjonstal</b>
Tal tilsette	11 399	46,2 %	13 584
Omsetnad	80 034 077	56,9 %	92 936 183
Verdiskaping	15 235 283	54,5 %	16 391 599
Driftsresultat	8 167 671		8 151 045
Årsresultat	7 843 119		7 930 933
Tal føretak	4 068	31,3 %	4 346

Tal for den marine klynga på Vestlandet, 1000 kroner, 2010

# Vestlandsrådet

Også når vi ser på den marine og maritime klynga separat, ser vi at tyngdepunktet er på Vestlandet, ikkje målt i tal føretak, men målt i tal tilsette, omsetnad og verdiskaping.

Den maritime klynga har færre føretak enn den marine klynga, men sysselset mange fleire personar. Per tilsett er likevel både omsetnad og verdiskaping betydeleg større i den marine klynga samanlikna med den maritime klynga.

Når vi ser på utviklinga frå 2008 og 2010 har sysselsettinga både i den maritime og marine klynga auka, med høvesvis 7,9 og 3,6 %. I den marine klynga har den største auken kome innan kjerneverksemdene oppdrett og foredling. I den maritime klynga har den største auken kome hjå tenesteleverandørane, men også innan verftsindustrien som er ein av kjerneverksemdene i denne klynga har det vore ein klår auke. I begge klyngene har det vore ein nedgang i sysselsettinga hjå utstyrsprodusentane, men aller størst i den maritime klynga.

## **Forslag til vidare bruk av nøkkeltala og oppfølging**

### *Årleg oppdatering av databasen*

Denne kartlegginga gir ikkje svar på korleis klyngene fungerer, relasjonar mellom aktørane i klyngene eller korleis FoU blir gjennomført. Men samstundes har vi no ein database over alle føretak på Vestlandet innafor den maritime næringa, noko som gjer det mykje enklare å innhente ytterligare informasjon, erfaringar og synspunkt til dømes gjennom spørjeundersøkingar på eit seinare tidspunkt. Kartlegginga gir også god dokumentasjon på at maritime næringar med den marine klynga og den maritime klynga er viktig når det gjeld verdiskaping og sysselsetting på Vestlandet. Dei to klyngene utgjør også begge det nasjonale tyngdepunktet innafor sine bransjar.

Dette kunnskapsgrunnlaget skulle vere eit utgangspunkt for å seie noko om kva område vi er gode på, kva for sentrale aktørar som opptre her og relasjonane mellom desse aktørane, samt peike på særlege utfordringar t.d. innan kompetanse.

For å få full nytte av ein slik database, bør den oppdaterast jamnleg, helst kvart år. Det må også gjelde både kortversjonen og webløysinga. Både talmaterialet og populærversjonen må nyttast aktivt i profilering og synleggjering av Vestlandet i samband med politisk påverknadsarbeid og i alle samanhengar der det er relevant (konferansar, messer, tala, innlegg osv).

For Hordaland sin del er en del av tallene frå rapporten brukt i BRB (Business Region Bergen) sin forstudie «Sjømatklyngen i Hordaland» for å vise kor stor næringa er i tall. Her er det påpekt at «for å hevde at regionen er leiande på feltet må samanliknande arbeid gjerast mot nasjonale og globale konkurrerande klynger og samanlikningstal må hentast inn på et betre grunnlag». I tillegg bør det arbeidast vidare med klyngene og korleis dei samverkar, bryte dei ned på bransjenivå og få opp tal for FoU-aktivitet i bransjane.

### *Maritim og marin strategi for Vestlandet*

På bakgrunn av talmaterialet og andre innspel bør det kunne utarbeidast strategiar for den politiske innsatsen / prioriteringar innan maritim næring, delt på marin og maritim klynge på Vestlandet. Det

# Vestlandsrådet

vil krevje en prosess og ein kartlegging av relevante prosessar i EU, nasjonalt og regionalt og dernest plukke ut dei tema som det er viktig at Vestlandsrådet har fokus på og jobbar aktivt med. Det strategiske samarbeidet mellom fylka og mellom næringsaktørane og FoU aktørane i fylka er forskjellig for marin klynge og for maritim klynge. Medan det for marin klynge er godt samarbeid mellom fylkeskommunane er dette samarbeidet særst lite utvikla innafor maritim klynge. For begge klyngene må det gjerast eit arbeid for å få til eit breiare samarbeid på Vestlandet mellom næring, FoU, nettverk og offentlege aktørar for å kunne stå samla i påverknadsarbeidet.

## Marin klynge

FOU og Innovasjon, Internasjonalt samarbeid, bærekraft, areal , teknologi , fôrproduksjon, utvikling av nye industrier og produktive hav vil bli viktige for marin sektor framover.

I Hordaland er det arbeid i gang i regi av Business Region Bergen, Fiskeriforum Vest om profilering og synleggjing av sjømatklynga . Vestlandsfylka laga strategi og handlingsplan i forbindelse med det administrative VestMarin samarbeidet. Ein del viktige tema for Vestlandet er løfta fram nasjonalt ved innspel til Nordsjøstrategien, Hav21 og stortingsmelding om sjømat. Målet må vere å bygge vidare på desse innspela, prioritere og lage ein strategi for kor, når og korleis Vestlandsrådet skal påverke prosessane fram mot avgjerd/vedtak. Bodskapen frå Vestlandet i samband med innspela til sjømatmeldinga kan summerast opp i desse to punkta: Rammevilkår (transport, oppdrettsareal, forvaltnings- og planleggingsverktøy, finansiering av pilotanlegg) og styrking av marin forskning og utdanning (samlokalisering av marin FoU, etablere «marin SFI», rekruttering). Hav 21 (forslag til FoU-strategi) innstillinga er nyleg lagt fram av strategigruppa. Den skal gjennomgåast med mål om å følgje ennå tettare opp prosessen mot stortingsmeldinga som kjem på nyåret. Det er allereie etablert kontakt mellom VestMarin og Norsjøkommissjonen sin «fiskerigruppe». Det er likevel viktig å styrke denne innsatsen frå Vestlandet mot Nordsjø samarbeidet /Nordsjøkommissjonen og EU sin maritime politikk.

På bakgrunn av dei prosessane som er på gang kan det vere ein oppgåve for Vestlandsrådet å ta initiativet til å utarbeide ein overordna marin strategi for Vestlandet i samarbeid med FoU, utdanning, nettverksorganisasjonar og næringsaktørar. Den politiske strategien må kunne gi tydelige føringer for hva Vestlandsrådet bør ta fatt i forhold til påverking. Noe påverknadsarbeid kan Vestlandsrådet gjere sjølv, noe i samarbeid med nettverks- og bransjeorganisasjonar, noe i lag med bedrifter, kommunar eller andre regionar.

## Maritim klynge

Innafor maritim sektor er samarbeidet og klyngeutviklinga i nokre av fylka kome langt, og då særleg i Møre og Romsdal, men også i Hordaland med relasjonar til Haugalandet. Derimot er det fylkesovergripande samarbeidet på Vestlandsnivå lite utvikla. Her kan Vestlandsrådet ta eit initiativ til å utvikle samarbeid og samhandling for heile Vestlandet mellom næringsaktørane, offentlege aktørar, utdanningsaktørane og FoU aktørane. Vidare kan dette gje moglegheit for koordinerte innspel overfor nasjonale aktørar. Det vil også vere mogleg å koordinere innsatsen knytt opp mot internasjonalt samarbeid, i fyrste omgang knytt til Nordsjøstrategien og til regionale innspel til EU sin skipsfartspolitik.